

Saksbehandlar: Eileen Selland**Kommunedirektør:** Åsmund Andersen Sekse

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/25	Hovudutval	15.10.2025
	Kommunestyre	

Uttale til høyring av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre vedtek å gi uttale til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet på dei tema som er omtalt i saksframlegget.

Hovudutval 15.10.2025

Behandling:

HOV - 042/25 Vedtak:

Tilråding frå Hovudutval

Samrøystes

Kommunestyre vedtek å gi uttale til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet på dei tema som er omtalt i saksframlegget.

Saksutgreiing

Samandrag

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ny, regional plan for areal og mobilitet. Planen er tverrsektoriell og skal erstatte fleire eksisterande regionale planar og temaplanar. Planprogrammet til planen ligg no ute på høyring med frist 10. oktober for å gi uttale. Det er søkt om å få utsett frist.

Bakgrunn for saka

Planprogrammet er ei «oppskrift» for korleis vi skal jobbe ut dei nye planane. Her foreslår vi kva føremålet den nye planen skal ha, kva tema den skal omfatte, tidsplan, prosess og korleis vi skal sike medverking.

Fylkeskommunen ynskjer særleg innspel på desse spørsmåla:

- Er føremålet med planen tydeleg formulert og lett å forstå?
- Manglar det vesentlege tema i planprogrammet, eller er det tema her som bør gå ut?

- Kva retningslinjer for bruk av areal synest de fungerer bra i dag? Er det nokre som skaper utfordringar eller burde endrast? Treng vi nye verktøy for å planleggje betre korleis areal blir forvalta?
- Planprogrammet kapittel 2.2.2 foreslår å dele kommunane i fylket inn i kategoriar med ulike mogelegheiter, føringar og strategiar. Planen legg opp til at kommunar kan få litt ulike reglar for arealbruk, avhengig av lokale forhold. Er dei føreslåtte kriteria dei rette å legge til grunn for ei slik inndeling?
- Planprogrammet kapittel 2.2.2 foreslår at planarbeidet skal peike ut regionsenter basert på på eit utval kriteria. Har de synspunkt på forslaget til kriteria for regionsenter?
- Finst det tema som bør utgreiast nærare, få større merksemd eller der kunnskapsgrunnlaget må styrkast?

Saks- og faktaopplysningar

Planen skal:

- gi rammer og retning for korleis areal og mobilitet skal utviklast i fylket.
- vise korleis arealbruk og transport kan bidra til å nå måla i [Utviklingsplan for Vestland 2024–2028](#).
- utvikle eit utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, energi og tenester.
- utarbeide differensierte retningslinjer for arealbruk som sikrar utvikling i heile fylket.
- vurdere behovet for regionale planføresegner.
- sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Planprogrammet ligg i sin heilskap som vedlegg.


Vurdering

Planprogrammet peikar særskilt på følgande plantema:


- Regionsenter og transportstruktur
- Berekraftig arealforvaltning
- Mobilitet og transport

Regionsenter og transportstruktur

I dette plantemaet er det sett opp ein senterstruktur med eit hovudlinjenett. Under figuren står det *“Kartet syner eksisterande senterstruktur og hovudlinjenettet for kollektiv i Vestland”*. I dette kartet syner det ingen hurtigbåtrute eller ferje innom Skånevik, noko som gir inntrykk av at Etne kommune er heilt avhengig av E134 og E39 i Aust-vest retning, noko som ikkje stemmer. Etne kommune er også ein viktig del av regionen, og ikkje minst Sunnhordland, og det er viktig at dette vert trekt fram også i ein regional plan.



I regional plan for areal og transport på Haugalandet, ligg både Etnesjøen og Skånevik inne med senterstruktur, Etnesjøen som Regiondelsenter på Haugalandet, og Skånevik som områdesenter:



Vestland fylkeskommune skriv i planprogrammet at det er svakare næringsutvikling, utfordringar med grunnlag for handels- og tenestetilbod og ein aukande del eldre i kommunar med negativ folketalsutvikling. Etne kommune er ein slik kommune med negativ folketalsutvikling. Vidare står det i planprogrammet at den regionale planen skal støtte opp under ei berekraftig utvikling i **alle delar av fylket**. For å få dette til, er det gjennom planprogrammet definert ein regional senter- og transportstruktur som skal **sikre tilgang til arbeidsplassar, handel, tenester og fritids- og kulturtilbod i heile fylket**. Etne kommune er ein av dei sørlegaste Vestlandskommunane som skal sikrast slik tilgang som del av fylket. Då er det viktig at eksisterande ruter vert teikna inn, og at Etne kommune vert ein reell del av arbeidet til Vestland fylke.

Berekraftig arealforvaltning

Planprogrammet stadfestar at ny regional plan skal leggje til rette for ein berekraftig arealpolitikk som samordnar arealbruk, transport og infrastruktur, og som stimulerer til transformasjon og gjenbruk av eksisterande areal. Det skal utviklast retningslinjer for bustadutvikling tilpassa ulike behov og lokale forhold, og differensierte strategiar for både pressområde og område med stagnasjon. Samstundes skal planen sikre tilgang til næringsareal med minst mogleg konsekvensar for klima, natur og miljø, og samordne dette med annan arealbruk og transport. Reiseliv, kulturminne og kulturmiljø skal sjåast som viktige ressursar for berekraftig utvikling, identitet og stadbygging. Gjennom heile planarbeidet skal omsyn til matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsona, samfunnstryggleik og beredskap liggje fast som sentrale prinsipp.

Alle desse er tema henta frå sentrale retningslinjer og føringar, og som Etne kommune i stor grad har hatt som tema gjennom ny kommuneplan sin arealdel. Uttale på dette punktet kan avvente til sjølve planen kjem på høyring.

Mobilitet og transport

Regional plan for areal og mobilitet skal erstatte den strategiske delen av gjeldande Regional transportplan (RTP) Vestland 2022-2033. Ny regional plan må ta stilling til kva mål og strategiar i gjeldande RTP som bør vidareførast for å støtte opp om ei berekraftig utvikling i alle delar av fylket. Planstrukturen med eit handlingsprogram inkludert ein strategisk del med rammer for prioritering og porteføljestyling, og ein årleg handlingsdel med investeringsprogram og utviklingstiltak er tenkt vidareført. Det er vidare viktig at planen har tydeleg kopling mot endringar som skjer i arbeid med nasjonal transportplan og andre nasjonale føringar for transport og mobilitet.

For Etne kommune er det her viktig at kontakten mot Sunnhordlandsbassenget vert vidareført i den regionale planen via Skånevik, som er den delen av kommunen som er tettast på Vestland. Det vil bety at transport og mobilitet frå Skånevik og vidare sjøvegen til Leirvik, Husnes og Bergen er premissgivande for at kommunen framleis skal kunne dele ein så stor del av bustad- og arbeidsmarknad med Vestland fylke.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Det faktiske innhaldet til den påstarta regionalplanen for areal og mobilitet kjem fyrst ved høyring av sjølve planen. I planprogrammet er det teke opp fleire tema som planen skal ha fokus på, og at planen skal erstatte fleire eksisterande planar og temaplanar. Det vert føreslått at Etne kommune gir ein høyringsuttale til planprogrammet i fyrste omgong. Forslag til innspel har fokus på ei framleis styrking av transport- og kollektivnettet også mot Sunnhordlandsbassenget, noko som vil vere avgjerande for å sikre attraktiviteten til heile kommunen i åra framover.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Vedlegg:

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet